

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Delprosjekt administrativ organisering – delprosjekt i hovedprosjektet Faglig og administrativ organisering
Saksnr.	16/05641
Høyringsinstans (svarar)	Seksjon for utdanning, Nærregion Sogn og Fjordane v/viserektor for utdanning
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Drøfta i fellesmøte i Seksjon for utdanning
Innspel	
Kap 4	<p>Er det oppgåver som manglar?</p> <p>Korleis vurderer høyringsinstansane fordelinga av oppgåver mellom institusjons- og fakultetsnivå i dei to modellane?</p> <p>For å yte god servise og få god kvalitet på tenestene nær studentar, fagtilsette og praksisfeltet, meiner vi det er viktig at desse oppgåvene vert ivaretatt på studiestadene:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Studierettleiing på studiestadane må omfatte informasjon om internasjonal utveksling. • Sakshandsaming av studentsaker må knytast tett opp til arbeidet med studierettleiing. • Marknadsføring og studentrekruttering må ligge til studiestadene og ta utgangspunkt i studiestadane sine eigenart. Samhandling med studentar og ambassadørar med lokal kunnskap er ein viktig føresetnad for å lukkast med dette arbeidet. • Praksisadministrasjon byggjer på lokalkunnskap og bør knytast til dei ulike studiestadane. Det gjeld i særleg grad for skule- og barnehagepraksis. • Administrasjon av eksamen og sensur. <p>I utgreiinga er det sagt lite om skiljet mellom nærregion og studiestad – det vil vere aktuelt å sjå på oppgåvedeling også mellom studiestadar og nærregionane. Det kan vere ulik oppgåvedeling innan kvar nærregion.</p> <p>Det er ikkje stor skilnad mellom modellane når det gjeld dei studieadministrative oppgåvene, men vi prioriterer modell 1 med hovudvekt av funksjonar organisert som fellestenester og der dei tilsette er plassert desentralisert nær studentar og tilsette.</p>

	<p>Vi meiner det er viktig at internasjonalisering vert sterkt forankra på institusjonsnivå. For å lukkast med internasjonalisering av forskning og utdanningar er det viktig at leiinga heile tida er pådrivar strategisk og gjennom disponering av ressursar. Den nye høgskulen treng ei profesjonell administrativ eining for internasjonal forskning og utdanning organisert som fellesteneste med ansvar for å vere pådrivar og støtte opp under strategisk utvikling og å utvikle avtaleportefølje. Samstundes er det behov for administrativt personale på fakulteta som har hand om planlegging og drift av student- og tilsettmobilitet, i tett samarbeid med internasjonalt kontor på institusjonsnivå og dekanar og fagtilsette.</p> <p>Eksternt finansiert verksemd er ulikt organisert i dei tre gamle høgskulane. Det kan vere tenleg å byggje ein meir felles kultur og forvaltning gjennom å legge dette arbeidet på institusjonsnivå. Slik vil den nye organisasjonen kunne få eit meir heilskapleg grep på dette arbeidsområdet og forvalte ressursane samla i høve ulike oppdrag når det gjeld forskning og utdanningstilbod. Det kan vere aktuelt å lage ein modell med koordinatorar på fakulteta for å sikre best mogleg kontakt mellom fakultets- og institusjonsnivå. Eksternt finansierte utdanningsoppdrag og forskingsoppdrag treng kanskje ulike administrative løysingar i en ny stor høgskule.</p> <p>Sekretariatsfunksjonane for ulike råd og utval må utviklast på ulike nivå i den nye høgskulen. Dette er ikkje nye administrative område, men med langt fleire saker og mange digitale møte vil det vere behov for utvikling av gode møteverktøy, rutinar og kompetanse når det gjeld handtering av saksdokument og gjennomføring av nettbaserte møte. Dette vil gjelde for klagenemnd, skikkanemnd og lmu, og truleg nye utval som utdanningsutval og fou-utval.</p> <p>Det vil vere viktig med ikt-støtte i dette arbeidet.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Ut frå det vi veit så langt i fusjonsprosessen – er det ein av dei to modellane som støttar betre opp om forslaga til organisering av den faglege verksemda enn den andre? (Jf. rapport frå Delprosjekt Leiing og fagleg organisering)</p> <p>Korleis oppfyller dei to modellane målsetjingane om likebehandling av studentar og tilsette?</p> <p>Seksjon for utdanning meiner den nye høgskulen i størst mogleg grad bør satse på å byggje opp administrative fellestenester. Dei studieadministrative oppgåvene føreset personale med høg og til dels spesialisert kompetanse som skal bidra med analyser og kvalitetssikring av den faglege verksemda.</p> <p>Institusjonen har eit betydeleg eige ansvar for å forvalte eigne fagleg fullmakter, og det vil vere avgjerande framover å bygge opp felles forståing for dei krava departementet og NOKUT set til kvalitet og dokumentasjon. Dette er oppgåver som må liggje til institusjonsnivå. Men arbeidet må skje i tett samarbeid med fakulteta og fagmiljøa.</p> <p>Vi meiner at modell 1 best vil støtte opp om målsetjinga om likebehandling av studentar og tilsette. Når det skal byggast ein ny organisasjon, er det ein fordel at</p>

	<p>det vert lagt best mogleg til rette for utvikling av felles kultur. I modell 1 vil institusjonsnivået ha ein samlande oversikt over dei ulike fakulteta sin budsjett- og personalforvaltning, og kunne vege ulike omsyn og sikre likebehandling på dei ulike studiestadane.</p> <p>Dei nye fakulteta vil trenge studieadministrativ støtte, spesialistar innan fakultetet sine utdannings – og forskingsområde, og generalistar som kjenner forskrifter og regelverk. Dei som skal arbeide i fakultetsadministrasjonane treng eit fagleg fellesskap, og vi meiner dette best kan tryggast og utviklast ved at dei organisatorisk arbeider i linje til fellestenestene. Sjølv om mange administrative oppgåver truleg vert meir spesialiserte i den nye høgskulen, vil mange av dei som skal arbeide på dei ulike studiestadane kunne få oppgåver for ulike fakultet. Desse bør ha ei felles administrativ leiing organisert under fellestenestene.</p> <p>Målsetjinga om at administrativ støtte skal vere nær fagtilsette og studentar må sikrast gjennom fordeling av oppgåver til alle studiestader og nærregionar.</p> <p>Vi er generelt skeptiske til ein modell med store fakultet med vide fullmakter. Valet av ein modell med budsjett og personalforvaltning lagt til fakultetsnivåkunne vil kunne utvikle ulike kulturar som i seg sjølv kan motverke målsetjinga om likebehandling av tilsette og studentar.</p> <p>Ein høgskule med administrativ organisering knytt til store og sjølvstendige fakultet kan føra til ein fragmentert høgskule der det kan oppstå motsetnader mellom institusjons- og fakultetsnivå når det gjeld prioriteringar, ansvar og mynde, og med dobbeltarbeid og dårleg utnytting av ressursane som resultat.</p>
<p>Kap 6</p>	<p>Delprosjektet peikar på forhold som må greiast ut nærare, uavhengig av kva for ein modell ein vel.</p> <p>Vi ber høyringsinstansane om å gje innspel til andre forhold som må greiast ut.</p> <p>Det er uklart kva som vil ligge i rolla som prorektor, og kva administrative tenester/administrativt apparat som skal støtte opp om prorektor sitt arbeid. Det er vitkig at prorektor har administrativ støtte som gjer det mogeleg å utvikle høgskulen i nærregionen og på studiestadane.</p> <p>Det er og behov for ei nærare avklaring av korleis administrativt arbeid skal forankrast i leiargruppa.</p>

Andre
merknader

Andre merknader	
--------------------	--